



Arkivnr: 2016/2550-29

Saksbehandlar: Inger Lena Gåsemyr, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.05.2018
Fylkesutvalet		31.05.2018

Statlege tilskot til dei konsoliderte musea i Hordaland

Samandrag

Saka er ein del av oppfølginga av rapporten «Evaluering av museumsreforma i Hordaland» handsama i Fylkestinget 03.10.2017, PS 89/2017, samt saksframlegget «Museumsreforma i Hordaland – dei konsoliderte musea – offentlege tilskot – fordeling stat, fylke, kommune» handsama i Fylkesutvalet 03.05.2018, PS 105/2018, der det vart gjort vedtak om at:

Fylkesutvalet meiner dei statlege tilskota til dei konsoliderte musea i Hordaland må aukast minst tilsvarende snittet for resten av landet. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for dialog med staten om medansvar og framtidig finansieringsmodell.

Tal frå «Det nasjonale museumsnettverket 2015 [og 2016] – Rapport for museene med tilskudd fra Kulturdepartementet (Kap. 328 post 70)» (utgitt av Kulturrådet i henholdsvis 2016 og 2017), Kulturdepartementet (KUD) Prop. 1 S (2017–2018), samt befolkningstal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) synleggjer korleis dei konsoliderte musea i Hordaland ligg i forhold til dei andre konsoliderte musea i resten av landet med omsyn til totale besøkstal, driftstilskot, midlar pr. besøk, midlar pr. innbyggjar, tal på årsverk, tal på besøk pr. innbyggjar, totale inntekter og totale ordinære offentlege driftstilskot. Dei konsoliderte musea i Hordaland er nest best når det gjeld besøkstal, men kjem dårlig ut når det gjeld statlege tilskot pr. besøk og innbyggjar, samt pr. årsverk. Musea i Hordaland ligg elles under snittet som ligg på 60%, når det gjeld statlege tilskot av totale ordinære offentlege driftstilskot. Fylkesrådmannen si vurdering er at det må gjerast ein innsats for å få staten til å gje dei konsoliderte musea i Hordaland eit økonomisk løft, tilsvarende det samla statlege tilskot til resten av landet og at dette bør vere på plass før regionreforma vert gjennomført i 2020.

Økonomi: Ligg innafor vedtatt budsjett og økonomiplan. Fylkeskommunen har som museumspolitisk hovudmål å styrke dei konsoliderte musea si rolle i samfunnet.

Klima: Musea som samfunnsaktør i lokalsamfunnet må kunne formidle konsekvensar av klimaendringar, sett i samanheng med endringar og fornying i samfunnet.

Folkehelse: I «Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode levekår for alle» vert det lagt vekt på at kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa. Musea er ein viktig samfunnsaktør særleg knytt til arbeid med integrering, inkludering, styrking av lokal og regional identitet og frivillig arbeid.

Regional planstrategi: Musea er viktige aktørar innan forvaltning av samlingar, forskning, formidling og fornying. Musea vil særleg kunne bidra med kunnskap knytt til arbeid med plan for areal, natur- og kulturminneressursar.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar oversikta over musea som mottek statlege tilskotsmidlar til vitande.
2. Fylkesutvalet forventar at staten aukar det samla statlege tilskotet til dei konsoliderte musea i Hordaland til minst tilsvarande snitt for resten av landet før regionreforma vert gjennomført i 2020.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Sammenligning museer post 70 Kulturdepartementet

Fylkesrådmannen, 03.05.2018

Saka er ein del av oppfølginga av rapporten «Evaluering av museumsreforma i Hordaland» handsama i Fylkestinget 03.10.2017, PS 89/2017, samt saksframlegget «Museumsreforma i Hordaland – dei konsoliderte musea – offentlege tilskot – fordeling stat, fylke, kommune» handsama i Fylkesutvalet 03.05.2018, PS 105/2018, der det vart gjort vedtak om at:


Fylkesutvalet meiner dei statlege tilskota til dei konsoliderte musea i Hordaland må aukast minst tilsvarende snittet for resten av landet. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for dialog med staten om medansvar og framtidig finansieringsmodell.

Tal frå «Det nasjonale museumsnettverket 2015 [og 2016] – Rapport for museene med tilskudd fra Kulturdepartementet (Kap. 328 post 70)» (utgitt av Kulturrådet i henholdsvis 2016 og 2017), Kulturdepartementet (KUD) Prop. 1 S (2017–2018), samt befolkningstal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) synleggjer korleis dei konsoliderte musea i Hordaland ligg i forhold til dei andre konsoliderte musea i resten av landet m.o.t totale besøkstal, driftstilskot, midlar pr. besøk, midlar pr. innbyggjar, tal på årsverk, tal på besøk pr. innbyggjar, totale inntekter og totale ordinære offentlege driftstilskot.

Oversikta som er lagt ved som vedlegg i saka, er utarbeidd av direktør ved Bergens Sjøfartsmuseum, Per Kristian Sebak, som er med i strategiutvalet til museumsleiarkollegiet, oppretta av Hordaland fylkeskommune. Strategiutvalet har mellom anna som mål å arbeide fram strategiar for å få auka den statlege grunnfinansieringa på drift og investeringar til dei konsoliderte musea i Hordaland.

Dei konsoliderte musea i Hordaland har gode besøkstal


**Oslo inkluderer Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design*



Kilde: Kulturrådet 2017


Diagrammet over viser at musea i Hordaland har mange besøkande. Oslo ligg på 1. plass med om lag dobbelt så mange besøk som Hordaland. Sogn og Fjordane og Nynorsk kultursentrum har lågast besøkstal. Nasjonalmuseet kom med i post 70 først i 2017 – men er likevel med i tal for 2016.

Totale statlege midlar over post 70 – ordinære tilskot i 2018



Diagrammet over viser statlege tilskot fordelt på dei konsoliderte musea fylkesvis. Oslo får om lag tre gonger meir enn neste fylke, som er Trøndelag, og nesten seks gonger meir enn Hordaland.


Statlege midlar pr. besøk



Diagrammet over viser statlege tilskot (KUD-midlar frå post 70) pr. besøk i 2016. KUD sin tiltakspakke for auka sysselsetting i 2016 (Rogaland og Hordaland) er ikkje inkludert. Oslo inkluderer Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design. Sogn og Fjordane ligg høgast med kr. 570,- pr. besøkjande. Oslo har kr. 310,- pr. besøkjande, mens Hordaland har kr. 120,- pr. besøkjande.

Statlege midlar pr. innbyggjar i 2018

(1000 kroner)




Kilde: Kulturrådet 2017/SSB 2018

Diagrammet over viser statlege midlar pr. innbyggjar. Oslo får kr. 790,- per innbyggjar, mens Hordaland får kr. 170,- pr. innbyggjar.

Statlege midlar pr. årsverk ved musea i 2016


(1000 kroner)



Kilde: KUD Prop. 1 S (2017–2018)

Diagrammet over viser statlege tilskotsmidlar (KUD-midlar, post 70) pr. årsverk ved musea i 2016. Oslo inkluderer Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design. KUD si tiltakspakke for auka sysselsetting i 2016 for Rogaland og Hordaland er ikkje inkludert. Sogn og Fjordane ligg høgst og får kr. 657.250,- pr. årsverk, mens Hordaland ligg lågast med kr. 227.780,- pr. årsverk. Oslo får 362.310,- pr. årsverk.


Statlege tilskot av totale inntekter i 2016 ved utvalde museum



Kilde: Kulturrådet 2017

Diagrammet over viser statlege tilskot (KUD-midlar, post 70) av totale inntekter ved utvalde museum i 2016. KUD si tiltakspakke for auka sysselsetting for Rogaland og Hordaland i 2016 er ikkje inkludert. Diagrammet viser at alle musea i Hordaland ligg under snittet på 38%. Det låge samle tilskotet til Hordaland skuldast difor ikkje eitt enkelt museum, men er gjennomgåande for alle dei konsoliderte musea i Hordaland.

Statleg del av totale ordinære off. driftstilskot for dei fem største fylka, samt Sogn og Fjordane i 2016



Kilde: Kulturrådet 2017

Diagrammet over viser statleg del (KUD-midlar, post 70) av totale ordinære offentlege driftstilskot for utvalde fylke i 2016. KUD si tiltakspakke for auka sysselsetting for Rogaland og Hordaland i 2016 er ikkje inkludert. Alle dei konsoliderte musea i Hordaland ligg under snittet på 60%.

Fylkesrådmannen si vurdering er at denne oversikta er eit viktig kunnskapsgrunnlag som viser at det må gjerast ein innsats for å få staten til å gje dei konsoliderte musea i Hordaland eit økonomisk løft, tilsvarande det samla statlege tilskot til resten av landet. Dette bør vere på plass før regionreforma vert gjennomført i 2020.

Forslag til vedtak:

Fylkesutvalet forventar at staten aukar det samla statlege tilskotet til dei konsoliderte musea i Hordaland til minst tilsvarande snitt for resten av landet før regionreforma vert gjennomført i 2020.